



Notat

Dato: 03.01.2018
Arkivsak: 2017/17307-3
Saksbehandlar: arvaasl

Til: Utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål fra fylkesutvalet - Beredskap parkeringsutfordringar i Arna

Spørsmål:

På møte i fylkesutvalet 22-23 november stilte Tom Sverre Tomren (MDG) følgjande spørsmål:

«Vi ber om en redegjørelse av Bane NOR, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune sine planer og beredskap for å håndtere parkeringsutfordringene i Arna frem mot åpningen av to spor Arna-Bergen.»

Svar:

Fylkesrådmannen har vore i kontakt med både Bane NOR Eiendom og Bergen kommune om parkeringsutfordringane i Arna.

Bane NOR svarte at dei som eit **strakstiltak** i samband med den krevjande parkeringssituasjonen på Arna stasjon, har inngått avtale om kontrollordning med parkeringsselskap. Denne ordninga skulle etter planen tre i kraft i desember 2017. Dette tiltaket vil vare til mars 2018. Elles arbeider Bane NOR med ei permanent ordning, og der p-plassen på Arna stasjon vert avgiftsbelagt. Etter planen vil dette vere iverksett til våren, slik det ser ut no.

Det vil bli ei eiga avgiftsordning for dei som pendler med tog, og der føremålet med avgifta er å kunne tilby tilstrekkeleg med p- plasser til togreisande.

Bergen kommune opplyste at dei arbeider med eit forslag til områdereguleringsplan for Indre Arna som skal avklare parkeringssituasjonen i Arne på lang sikt. Det er forventa at dette arbeidet er klar til vedtak i byrådet om offentleg ettersyn første halvår 2018. Planen vil mellom anna innehalde forslag til løysing for innfartsparkering knytt til kollektivknutepunktet for bane og buss i Indre Arna.

I strategi for innfartsparkering som vart vedteke av fylkestinget i mars 2015 er eit sentralt premiss at veigarprinsippet også skal gjelde ved vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet. Dette betyr at Statens vegvesen har ansvaret for innfartsparkering som ligg til riksveg/ har riksvegfunksjon, mens Jernbanedirektoratet / Bane NOR har ansvaret for parkering knytt til jernbana. Fylkeskommunen har ansvaret for koordinering av utvikling av det samla innfartsparkeringstilbodet (inkludert marknadsføring og ev. parkeringskontroll), samt parkering som ligg til fylkesveg og annan fylkeskommunal infrastruktur. Fylkesrådmannen legg til grunn at det er Bane NOR som har hovudansvaret for å legge til rette for ei utvikling av tilbodet om innfartsparkering i Arna, men merker seg at ei ny regulering ikkje fører til ei auke i parkeringskapasiteten i tråd med «Strategi for Innfartsparkering fram mot 2030».

Det blir og vist til sak om handlingsplan for innfartsparkering 2018 – 2029 som skal til handsaming i utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet tidleg i år. I handlingsplanen legg fylkesrådmannen opp til å følgje opp utviklinga for innfartsparkering i Arna, samstundes som handlingsplanen og legg vekt på å stimulere til utbygging av innfartsparkering i kommunane aust for Arna.